

Sitkagran

ein verdfull ressurs

- men utfordrande treslag



Fjaler - sitkaplanting på Furenes høsten 1987 Alden i bakgrunnen

Sitkagran (*Picea sitchensis*) er i nær slekt med vanleg gran og finns naturleg utbreidd på vestkysten av Nord-Amerika. Treslaget er dei siste hundre år mykje nytta i landa langs Nordsjøen - frå Frankrike til Danmark, Sverige og Noreg, og over dei britiske øyar til Island. 12 mill. dekar med sitkagran er planta ut i desse landa. Sitkagran er eit typisk kysttre som toler mykje vind og salt. Men ho er vår for frost og tørke.

I Noreg er treslaget mest nytta i dei ytre strok langs kysten i samband med skogreisingsplanane frå siste del av 1950-talet. Nokre stader vart det og sett ut småplanter av sitka langs grenser, i lebelter og som einskildtre i hagar mv., tre som i dag er vortne store og som eigarane ofte ynskjer å fjerne.

Dette heftet er eit fagleg bidrag for dei som ynskjer kunnskap om treslaget – for skogproduksjon eller råd om fjerning av trea. Forstkandidat ved fylkesmannens landbruksavdeling, Anders Hassel Stub har laga heftet.

Historie

Alt før 1920 tok Vestlandets forstlige forsøksstasjon til å leita etter treslag som kunne nytta dei store trelause areala på Vestlandskysten betre enn furu, bjørk og den vanlege grana. Klimaet der sitkagrana kjem frå i Alaska er mykje likt det vi har på Vestlandet og eit stykke oppover i Nord-Norge. Frø vart kjøpt og planter ala opp i planteskular, m.a. i Eikhaug planteskule på Søfteland i Os. Forskarane fann snart ut at sitkagrana treivst sers godt på Vestlandet, særleg på øyane, på gamal strandflate

og i liene i dei midtre fjordstroka. I dei indre fjordstroka vart det for lite vatn for henne. Sitkagrana vart innført til Europa på 1830-talet og dei fyrste vart planta her heime på 1880-talet.

For 50 - 60 år sidan var det svært lite skog i ytre strok på Vestlandet. Vi hadde eit goldt, ope landskap, vær-utsett med lite livd og med liten tilgang på ved til brensel. Jordbruket trekte seg attende frå mange av utmarksareala, men jorda hadde gode produksjonsvilkår for skog, og det var gode prisar på trelast og cellulose. Stortinget gjorde i 1951 vedtak om at det skulle utarbeidast skogreisningsplanar for dei mest eigna areala. Bakgrunnen var altså både næringsutvikling og leplantingar på areal som gjekk ut av jordbruksproduksjonen. Private grunneigarar fekk

etter kvart tilbod om å plante til areala sine og grøfta myrane med statlege og kommunale tilskot. Undervegs tilsette staten skogreisingsleiarar og leplantnings konsulentar for å leia arbeidet med å gje gardsbruka eit nytt bein å stå på - skogproduksjon. Oppgåva var planlegging for produksjon av tømmer, trelast og brensel, og for å bygge opp lebelter for å verne folk og fe i ytre strok mot vinden. Dette vart av dei fleste sett på som ein ressurs og sitkagrana fekk sin naturlege plass i desse planane.

Soga om skogreisinga på kysten tok til i ei tid etter siste verdskrigen då det var mangel på bygningsmaterial og tanken om bygga oppatt landet og nytta ressursane sto sterkt. "Å kle fjellet og forskjønne leden" var gangbare argument. Skogsak var ei folkesak - skuleklasser og andre tok del i dette arbeidet med liv og lyst. I det store og heile var skogreisinga langs kysten ein stor suksess. Det er no bygd opp store tømmerressursar i tråd med skogreisingsplanane og lokalklimaet på kysten er mange stader vorte mykje betre fordi skogen gjev livd. Å kle fjellet og kysten vart ei samfunnsoppgåve med høg status.

Etter kvart som skogen veks til og set sitt preg på landskapet har vi fått ein debatt om resultatet av skogreisinga. Debatten er innimellom historielaus og utan vilje til tilbakeblikk på relativt skoglause landskapet etter siste krig og haldningar til folket som budde og rådde grunnen den gongen. Den etter kvart omfattande naturlege tilgroinga av Vestlandet i kjølvatnet av at det intensive husdyrhaldet gradvis forsvant, har i seg sjølv opna for ein debatt om skog versus «opna landskap». Det dreiar seg difor om mange og ulike problemstillingar og alle er innfløkte.

Sitkagran i Hordaland

I 1993 vedtok fylkesskogkontoret i Hordaland etter ein lengre utgreiingsprosess med brei deltaking i frå landbruks- og naturvernsektoren, at kommunane for ettertida skulle vere særst varsame med bruken av utanlandske treslag (spesielt sitkagran) til kommersiell bruk i skogreisinga. Det vart bestemt at det måtte søkjast til fylkesskogkontoret om nyplantning med statlege tilskot. Kommunnane stod elles fritt. Leplantning ved

kysten fall utanfor ordninga og vart administrert av «Statskonsulenten for leplantning». Dei siste 20 år har planting av sitkagran difor vore heilt ubetydeleg i Hordaland. Vi reknar med at kun 10% (om lag 44.000 daa) av granskogen er sitkagran.

Trevyrkje av høg kvalitet

Sitkagran er frå ein skogfagleg synsstad eit verdfullt treslag. Den har høg volumproduksjon og ho toler saltedrev frå havet og sterk vind mykje betre enn andre treslag. I heimlandet vert trea opptil 90 - 100 m høge på stader i livd og treslaget har eit lett, seigt og sterkt vyrke i høve til vekta. Hovudmengda går i dag til trelast, tremasse og cellulose. Treslaget er no godkjend etter Norsk Standard og kan nyttast i byggebransjen slik Danmark og Skottland har lange tradisjonar for. Sitkagran er sterk og varig og vert brukt til vedlikehald og nybygging av t.d. uthus, sjøbuer, naust og båtar.

Positive verknader

Skogreisinga på kysten har fleire positive resultat å vise til. For folk flest er kanskje endringar i lokalklimaet det viktigaste. Etterkvart som skogen veks til gjev den betre og betre livd mot vinden, spesielt nordavinden som kan vera sur og kald. Bestand av sitkagran heilt ute på kysten gir fullgodt vyrkje til bygningslast. I hogstmodne bestand kan ein få 75-85% av volumet til sagtømmer. Samanlikna med vanleg norsk gran er tilveksten om lag 30% høgare for sitkagran som produserer mellom 2 og 3 m³ årleg pr. daa.

I dagens samfunnsdebatt har skogreising og skogplantning fått ein ny dimensjon: Klimaendringar og karbonbinding. Enn så lenge er fotosyntesen den mest utprøvde og effektive mekanismen verda har for å binde CO₂ frå lufta. I klimasamanheng er sitkagran særst godt eigna. Eit dekar med sitkagran på god mark (høg bonitet) vil binde ca. 1,36 tonn CO₂ i året. Dette er om lag 10 gonger so mykje CO₂ binding som t.d. eit dekar med bjørk. Dess høgare bonitet, dess meir CO₂ vert bunde.

... og negative verknader

I hovudsak var målet å plante store samanhengande felt for tømmerproduksjon. Men i tillegg vart det



Ravnebergsmyra i Telavåg 1987

Sitkaplanting - Drage på Stadlandet





planta ”dottar og klynger” i terrenget og langs grensene mellom eigedomar i tillegg til enkeltstående tre. Og planting på areal utan vegtilkomst for å hente ut tømmeret. Ein kan få lokal spreiding frå sitkabestand og ein-skildtre inn på anna kulturmarksareal, til dømes beitemark eller område med viktige biologiske verdiar (t.d. verneområde). Særleg mark med lite vegetasjon eller open mineraljord er utsett. Treslaget står på lista over framande artar innført til Noreg og med stor spreingsevne. Sitkagran er kategorisert med «sær høg risiko» for negative effektar på norsk natur. Artane på denne lista utgjer risiko for at stadeigne artar og naturtypar vert negativt påverka. Spreing til kystlynghei er eit døme på endring av naturtilstanden til ein trua naturtype.

I ettertid av plantinga ser ein nokre uønska resultat som ein ikkje rekna med. Med ein medveten strategi vil ein kunne handtere desse utfordringane og samstundes ha økonomisk nytte av store mengder nyttbart kvalitetsvirke.

Råd om handtering og nytte

Skogeigarane kan kontakte skogbruksansvarleg i kommunen for

råd om handtering og forvaltning av treslaget. Vil ein gjera noko bør ein ha ein vel gjennomtenkt plan for arbeidet og avklara kva som bør stå og kva som bør fjernast for å få størst mogeleg effekt.

Fjerning av alle sitkagran i eit gitt område vil normalt vere svært krevjande og lite realistisk. Men ein kan gjera fleire tiltak for å redusere ulempene ein meiner å ha knytt til frittstående tre, klynger eller område med viktige biologiske verdiar.

Sitkagranskog på gode lokalitetar er ofte hogstmogen i 50-60-års alderen og vil ha stor verditilvekst når den blir meir enn 40 år. Gode bestand i samanhengande felt som ikkje ”står i vegen for noko” eller utgjer ein trugsel for sårbare naturområde bør difor få stå til dei er hogstmogne. Dette er god både privat- og samfunnsøkonomi.

Hogg ein ned skogen utan tanke, vil ein risikera å endre lokalklimaet. Opning for vinden kan innimellom vera eit dårleg alternativ til betre utsyn. Fjerning av kanttre i eit felt kan lett føre til mykje vindfall som er sær arbeidsamt å fjerna og med fare for at den ståande skogen rotveltar.

Sitkafrøplantasje - Kaupanger



Kontakt fagfolk før ein går i gang. Beite kan vera eit alternativ til skog, men tilstrekkeleg beitetrykk over tid er naudsynleg for å halde oppslag av skog og kratt nede.

Einskildtre i nærleiken av hus eller i hagar bør fjernast før dei vert so store at dei vert uhandterlege.

På nokre stader, særleg på snaumark på kysten kan ein få tette oppslag av sitkaplanter i utkantane av planteskog som er gamal nok til å produsera frø, og på hogstfelt der ein har hogge ned fyrste generasjon sitkagran. Treslaget tek til å setja frø frå 20 års alder. Undersøkingar viser at effektiv frøspreiing frå ein skogkant kan gå ut to til tre gonger trehøgda, men sterk vind kan spreia frøet enno lengre. Frø som er kome på bakken i løpet av vinteren er spiredyktig fyrste vekstsesongen. Frø er «ferskvare» og ikkje spiredyktige over mange år. Minst oppvekst av nye planter har ein i høgvakse tett vegetasjon av gras og urter eller i tett urørt skog. Mest etablering får ein på stader der det er stor aktivitet i form av hogst, køyring, på stubbar som rotnar, på død ved og på stader der mineraljorda har blitt blottlagt (veggantar, køyrespor, husdyrbeite osv.) Med andre ord; ein kan risikera å få meir spreiding om ein set inn "feil" tiltak.

Ein må og tenkje på kva ein vil ha på det "frigjorde" arealet etterpå. Gjer ein ingenting, vil ein truleg først ha nokre år med oppkomst av bringebærris. Etter kvart vert arealet tilgrodd med lauv, bjørk og rogn. Desse områda vil og krevja stell. Om ein vil ha ope grasmark, er kraftig beiting av sau, geit eller storfe og beiterydding det einaste som duger, i alle fall om det er noko storleik på flata. Naturen har sin eigen dynamikk der den søkjer å utnytta det lokale vekstpotensialet maksimalt.

Vyrke som vert hogge og ikkje vert nytta som skurtømmer eller massevyrke, bør i størst mogeleg grad nyttast til bioenergi, enten som ved eller flis. Om trea ikkje kan fjernast,

bør dei kvistast og stammen kappast i betar som sikrar at dei rotnar raskt. Unge tre bør sagast av rota med lågast mogeleg stubbe for å redusere gjenvekst frå stubbeskott. Hogst på sumaren (juni - september) er best med tanke på å unngå frøspreiing, men på denne tida vert det ofte meir markriving frå driftene som kan gje gode spirevilkår dei komande åra om det står att frøberande tre.

Kva rår ein til å la stå

- Bestand som syner god kvalitetsutvikling bør stå til dei er hogstmogne og kan haustast med overskot.
- Bestand som ligg godt i landskapet og har gode naturlege kantar. Intakte kantar med gode kanttre er sers viktig for å hindra vindfall.
- Større samanhengande bestand, serleg om dei går over fleire eigedomar. Desse bør haustast under eit ved hogstmogen alder.
- Bestand på god mark som gjev god livd for vinden og ikkje tek utsyn.



Sitkabestand

Kva kan vera aktuelt å fjerna


- Einskildtre og klynger.
- Ujamne bestand på svak bonitet.
- Tre eller bestand med frøspreiing i eller til økologisk sårbare område (d.t. verneområde, sårbare naturtypar)

Løyve til planting

1. juli 2012 kom ny forskrift om planting av utanlandske treslag. Forskrifta har heimel i naturmangfaldlova. Alle som ønskjer å plante sitkagran til skogsbruksføremål og pyntegrønt må søkje Fylkesmannen om løyve. Det er ikkje forbod mot planting av sitkagran men krav om søknad og løyve i tråd med forskrifta.

Linkar:

www.artsdatabanken.no
www.lovdatabanken.no
www.skogoglandskap.no



Stusvik - Lindesnes

**Fylkesmannen i Hordaland
Landbruksavdelinga**

**Kaigt. 9
5020 Bergen
55 57 20 00**

www.fylkesmannen.no/hordaland

Alle foto: Norsk institutt for skog og landskap